



Notat

Dato: 10.06.2014
Arkivsak: 2014/1316-5
Saksbehandlar: brihegg

Til:	Valnemnda Fylkestinget
Frå:	Leiar i valnemnda

Orientering om val til styret i Business Region Bergen

Fylkesordførar Tom-Christer Nilsen er vald som styremedlem i Business Region Bergen (BRB). I etterkant av fylkestinget i mars melde han til selskapet at han ønskte å trekkja seg frå vervet. Meldinga vart også gitt til valnemnda i BRB der fylkesvaraordføraren er leiar.

Tidspunktet for ordinær generalforsamling var 6. juni 2014, og det vart ikkje mogleg tidsmessig å leggja fram sak for valnemnda og fylkestinget om val av ny medlem. Sak om val kunne ha vore behandla i fylkesutvalet i mai, men ved ein glipp vart dette ikkje gjort.

Generalforsamlinga har vald Sveinung Valle som ny styremedlem etter innstilling frå valnemnda i BRB.